

# Registrering i Matrikkelen – arealmåling og etasjedefinisjonar

Ein kortversjon om målereglar og arealberekningar i Matrikkelen

## 1. Måleverdig areal

Ein bygningsdel er måleverdig når den:

- Har omsluttande veggjar
- Har fri høgde på minst 1,9 m over golv i ei breidde på minst 0,6 m


Det setjast ingen krav til tilkomst eller at bygningsdelen skal ha golv.

(Her avviker arealberekning i Matrikkelen frå arealberekning etter NS3940 (Norsk Standard 3940, 2. utgåve juni 1986).

Eit uinnreia rom som manglar golv er soleis måleverdig areal i Matrikkelen.

Døme på areal som ikkje er måleverdig: \_\_\_\_\_

Døme 1:



Etasje med skråtak der det er mindre enn 0,6 m breidde med fri høgde på 1,9 m over golv.

(Fri høgde er høgde til underkant av himling eller underkant av konstruksjonar som hanebjelkar o.l.)

Døme 2:

Kjellaretasje (eller annan etasje) der fri takhøgde over golv er under 1,9 m.

Døme 3:


Terrasseoverbygg eller annan bygningsdel der det ikkje er omsluttande veggjar.

## 2. Etasjetype

Som hovudregel tildelast etasjar gjennomgåande for kvart plan i heile bygget. (Unntak kan gjerast for større bygg/blokker i skrånande terreng med hovudinngongar til ulike plan i bygget).


### Kjellarplan (K):

Eit plan der underkant dekke eller himling høgst er 0,75 m over planert terreng sitt gjennomsnittsnivå rundt bygningen.



### Underetasje (U):

Eit plan der underkant dekke eller himling er høgare enn 0,75 m, men høgst 1,5 m over planert gjennomsnittsnivå.




### Hovudetasje (H):

Eit plan der underkant dekke er høgare enn 1,5 m over planert terreng sitt gjennomsnittsnivå rundt bygningen, og der den frie breidda i høgde 1,9 m må vera minst 1,9 m.



### Loft (L):


Eit tilgjengeleg rom over øverste alminnelege etasje (hovudetasje) som ikkje oppfyller krava til alminneleg etasje. Fri høgde må vera større eller lik 1,9 m i ei breidde på minst 0,6 m. Loftsarealet målast til 0,6 m utanfor høgde på minst 1,9 m.



### Gjennomsnittleg terrenghøgde:


Gjennomsnittleg terrenghøgde kan avgjerast ut frå

Fasadetenkingar ved å måle kvart hushjørne slik figuren syner.




Nedsjaktning for utvendig kjellartrapp, lysgrav o.l. skal ikkje takast med i berekninga.

Plan med høgdeskilnad reknast som eitt plan når høgdeskilnaden er mindre eller lik 1,2 m. Når høgdeskilnaden er større enn dette, avgjerast etasjenemninga for kvart plan.



For plan med open eller skrå himling vert høgdeskilnaden til gjennomsnittleg terrenghøgde avgjort i høve til ein tenkt himling 2,1 m over ferdig golv.



Innskoten mellometasje (mezzaninetasje):

Reknast som eiga etasje og skal kodast i høve til terrenghøgda som ei vanleg etasje.

### 3. Berekening av bruksareal

For arealberekning av bygningar nyttast bruksareal (BRA). Dette omfattar alt areal innanfor yttervegg, inkludert boder, trapperom og andre rom som ikkje er buareal. Eventuelle garasjar, boder o.a. som er inkludert i ein bustad, vil inkluderast i bustaden sitt bruksareal.

Ved berekning av bruksareal til Matrikkelen vert det ikkje gjeve fråtrekk for areal til større piper og kanalar som gjeve etter NS3940.

Areal i Matrikkelen oppgjevast i heile m<sup>2</sup>.


Når det er fastslått at etasje sitt areal er måleverdig (ref kapittel 1), finn ein etasje sitt bruksareal på denne måten:

Bruksareal (BRA) = Breidde \* Lengde (innanfor yttervegg)

#### Særskilt om berekning av bruksareal (BRA) på etasjar med skråtak

Breidde: Mål breidda der den frie høgda er større eller lik 1,9 m, og legg til 0,6 m på kvar side

Lengde: Mål lengda innanfor ytterveggen



Døme:

Breidde = Målt breidde + 0,6m + 0,6m

Breidda multipliserast deretter med etasje si lengde for å finne etasje sitt bruksareal (BRA).

#### Referansar og ytterlegare informasjon:

Føringsinstruks til Matrikkelen, Statens Kartverk.